



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Oddbjørn Hindenes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5930 - 14/18135

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
13.08.2014

Forlenging av mellombels bruksløyve - gbnr 22/43 Åsgard - hovudombygging av bustad

MELLOMBELS BRUKSLØYVE etter plan og bygningslova § 20-10

Det vert vist til søknad om mellombels bruksløyve, motteken 29.07.2014

Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 21-10 vert det her gjeve mellombels bruksløyve for tiltaket.

Spesifikasjon.

Byggestad: Åsgard 19, gbnr 22/43 Åsgard
Type tiltak: Hovudombygging av bustad – bygn.nr. 176296240
Vedtak: Delegert sak handsama 12.10.2010 og 23.03.2011.
Ansvarleg søkjar: Kålås og Sønn Byggevarehandel AS, Sauvågen 83 5915 Hjelmås
Tiltakshavar: Trond Aasgard, Åsgard 19 5993 OSTEREIDET

Vilkår:

Følgjande arbeid er ikkje utført, og må vera dokumentert ferdig før ferdigattest kan gjevast:

Ferdigstilling av veg og parkeringsplass

Mellombels bruksløyve er gyldig til **31.12.2014**. Søknad om ferdigattest skal vera kommen inn til kommunen til denne datoen. Bruk av bygning/tiltak utan gyldig ferdigattest eller mellombels bruksløyve er i strid med lova og kommunen kan gje pålegg om at ulovleg bruk skal innstillast. Dette er forlenging av mellombels bruksløyve datert 15.07.2013

Klage

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast

skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ (2012-satsar). Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

10	Søknadspliktige tiltak (Pbl kap. 20)	Sats	Tal	
10.2.8	Delt sakshandsaming – mellombels bruksløyve	2.800	1	2.800

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjevast.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Trond Aasgard

Åsgard 19

5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS